



Innst. S. nr. 225

(2006-2007)

Innstilling til Stortinget fra utenrikskomiteen

St.meld. nr. 25 (2006-2007)

Innstilling fra utenrikskomiteen om Noregs delta-kning i den 61. ordinære generalforsamlinga i Dei sameinte nasjonane (FN) og vidareførte sesjonar av den 60. generalforsamlinga i FN

Til Stortinget

SAMMENDRAG

Den 61. generalforsamlinga har etter Regjeringa si meinung vore prega av nokre tilbakeslag for reformene som blei vedtekne på den førre generalforsamlinga. Det kommande skiftet av generalsekretær førté dessutan til at haustsesjonen bar preg av ei overgangstid. Kofi Annan freista heilt til siste slutt å bringe reformprosessen han sjølv sette i gang, i hamn, og har i stor grad lukkast med det. Det står att å sjå korleis den nye generalsekretæren vil føre den prosessen vidare.

Dei underliggjande konfliktane mellom nord og sør og mellom Generalforsamlinga og særleg dei dominerande maktene som har fast plass i Tryggingsrådet, som blei sett på spissen under reformprosessen, har framleis sett sitt preg på arbeidet i organisasjonen. På somme område har det vore tendensar til omkamp frå Den alliansefrie rørsla og utviklingslanda si side (NAM/G-77), noko både arbeidet i Fredsbyggingskommisjonen og Menneskerettsrådet ber eit visst preg av. Budsjettkomiteen i FN, som tradisjonelt har arbeidd på grunnlag av konsensusprinsippet, har til dels blitt hovudarena for omkampane, og det har vore fleire avrøystingar i komiteen om dei implikasjonane politisk sensitive saker har for budsjettet. Atmosfæren har vore prega av konfrontasjon.

Rekneskapen for fjarårssesjonen vil utan tvil måtte bli noko blanda. På den positive sida er det grunn til å merkje seg at arbeidet i Fredsbyggingskommisjonen har komme godt i gang, særleg i det landspesifikke formatet (Burundi og Sierra Leone).

Rapporten frå Reformpanelet under leiing av Noregs statsminister og statsministrane frå Pakistan og Mosambik, som blei lagd fram i midten av november, har fått stor merksemd og vil leggje føringar på det vidare reformarbeidet. Slik sett er det positivt at pilotland for eitt FN på landnivå blir sett i gang raskt og utan ein lang og splittande debatt mellom medlemslanda.

Av konkrete vedtak som er fatta, trekk Regjeringa fram avgjerda om å renovere den 54 år gamle FN-bygningen, eit arbeid som er planlagt å vere ferdig i 2014. Eit anna viktig resultat er at ein konvensjon for funksjonshemma blei vedteken. Generalforsamlinga vedtok òg ein konvensjon om vern mot forsvinningar under tvang.

I arbeidet med miljø- og klimaspørsmåla har det vore lite rørsle, sjølv om problematikken stadig kjem høgare på den internasjonale dagsordenen. I forhandlingane om årets korrupsjonsresolusjon blei det avslørt manglande vilje frå somme land til å ta i bruk konkrete verkemiddel. Debatten i Generalforsamlinga om reform av Tryggingsrådet viste lite rørsle, sjølv om det blir utøvd ein viss fleksibilitet når det gjeld vetospørsmålet og arbeidsmetodane i rådet. Hovudskiljet går mellom land som ønskjer fleire faste medlemmer, og land som på prinsipielt grunnlag meiner at medlemmene i Tryggingsrådet ikkje bør vere faste, men heller stille til val i Generalforsamlinga.

Det var eit tilbakeslag at vedtaket om ein urfolkskonvensjon, som blei gjort av Menneskerettsrådet i Genève, blei utsett etter initiativ frå den afrikanske gruppa. Den vidare prosessen i denne saka er uklar.

Frå norsk side har det blitt arbeidd særleg aktivt både i Fredsbyggingskommisjonen, i og med at Noreg har viseformannskapen i organisasjonskomiteen og formannen i Burundi-formatet, og formannskapen i 1. komité. Presidenten i Generalforsamlinga har òg trekt inn Noreg i spørsmålet om tilhøvet mellom FN og det sivile samfunnet. Dei ikkje-statlege organisasjonane kjem med mange lovord om den rolla Noreg har teke på seg på dette feltet.

Temaet for generaldebatten var "gjennomføring av ein global partnerskap for utvikling". I det siste innlegget sitt som FNs generalsekretær i opningsdebatten i Generalforsamlinga fokuserte Kofi Annan på tryggleik, utvikling og menneskerettar, og peikte på at ein har ein lang veg å gå når det gjeld desse områda.

Reformprosessen var eit gjennomgåande tema i generaldebatten dette året òg. Det blei gjeve støtte til det nye Menneskerettsrådet, og både rådet og den nye Fredsbyggingskommisjonen blei trekte fram som positive reformtiltak. FNs terrorismestrategi blei helst velkommen av mange land både frå nord og sør. Reform av Tryggingsrådet var eit utbreidd tema mellom utviklingslanda, og det blei retta mykje kritikk mot den noverande strukturen til rådet. Handel, og at det er viktig med framgang i WTO-forhandlingane, blei trekt fram av dei fleste av utviklingslanda som sjølve nøkkelen til utvikling, og vestlege land blei bedne om å gje utviklingsland betre tilgang og å opne marknadene sine for handel med utviklingsland.

Når det gjeld regionale konfliktar, fekk situasjonen i Midtausten merksemd i debatten med mykje kritikk frå arabiske land mot Israel etter bombinga av Libanon i sommar. Presidenten i USA fokuserte òg på Midtausten i innlegget sitt og la vekt på den innsatsen USA har gjort for å hjelpe regionen i å konsolidere utvikling, demokrati og framgang. Vidare kritiserte USA leiinga i Iran. Iran blei frå fleire hald bede om å sleppe IAEA inn i landet, og mange oppmoda om å bruke diplomati og dialog når det gjaldt atomprogrammet til Iran. Behovet for å finne ei løysing på konflikten i Darfur blei av mange av dei vestlege landa og av afrikanske land trekt fram som ei av dei store utfordringane verdsamfunnet står overfor.

Noreg ved statsminister Stoltenberg la i sitt innlegg vekt på tilrådingane frå FN-reformpanelet, som den norske statsministeren var med å leie, om at det er viktig med eit samordna og effektivisert FN på landplan for at organisasjonen skal kunne levere meir og betre støtte til utviklingslanda.

KOMITEENS MERKNADER

Komiteen, medlemmene fra Arbeiderpartiet, lederen Olav Akselsen, Vidar Bjørnstad, Marit Nybakk, Hill-Marta Solberg og Anette Trettebergstuen, fra Fremskrittspartiet, Morten Høglund, Siv Jensen og Øyvind Vaksdal, fra Høyre, Erna Solberg og Finn Martin Valtersnes, fra Sosialistisk Venstreparti, Ågot Valle, fra Kristelig Folkeparti, Dagfinn Høybråten, fra Senterpartiet, Alf Ivar Samuelsen, og fra Venstre, Anne Margrethe Larsen, viser til at temaet for generaldebatten 2006 var "gjennomføring av et globalt partnerskap for utvikling". I sitt siste åpningsdebattinnlegg som generalsekretær fokuserte Kofi Annan på sikkerhet, utvikling og menneskerettigheter. Komiteen har merket seg at reformprosessen i FN var et gjennomgående tema for generaldebatten. Høynivåpanelet, som ble ledet av

blant andre statsminister Jens Stoltenberg, overleverte rapporten "Delivering as One". Den foreslår et mer enhetlig FN på landnivå. Hensikten er både å bedre organiseringen av alle organisasjonens enheter og å skape en mer effektiv organisasjon i de landene hvor FN yter bistand på ulike områder. Komiteen vil peke på viktigheten av at rapporten særlig setter fokus på kvinne- og likestillingsdimensjonen.

Komiteens flertall, alle unntatt medlemmene fra Fremskrittspartiet, vil fremholde behovet for en egen kvinneorganisasjon i FN. Dette blir støttet av FNs nye generalsekretær.

Komiteen vil understreke FN-systemets viktige rolle i utviklingsarbeidet. Skal FNs tusenårs mål om bekjempelse av den absolute fattigdommen bli nådd, må rike land bidra sterkere, og utviklingsland må følge opp med godt styresett og kamp mot korruption. Komiteen har med bekymring notert seg at det i forhandlingene om årets korruptionsresolusjon viste seg at enkelte land ikke er villige til å ta i bruk nødvendige virkemidler. Komiteen mener korruptionsbekjempelse må gis høy priorititet i arbeidet for å nå Tusenårs målene.

Komiteen er tilfreds med at arbeidet med utvikling av Fredsbyggingskommisjonen har fått støtte og at det ble avholdt åpningsmøte i 2006. Norge ble valgt til en av nestlederne for kommisjonen. Norge har bidratt med 200 mill. kroner til Fredsbyggingsfondet, som etter komiteens mening vil være et viktig instrument for å få prosessene og arbeidet i gang. De landspesifikke innsatsene som er iverksatt i forhold til Sierra Leone og Burundi, vil være viktige for å vise at Fredsbyggingskommisjonen har en funksjon. Komiteen understreker at det i dette arbeidet er viktig med kobling til Sikkerhetsrådets resolusjon 1325 og at kjønnsperspektivet kommer inn i Fredsbyggingskommisjonen.

Komiteen viser ellers til at det under sesjonen i FN denne gang ble satt fokus på nedrustning, og at Norge reiste spørsmål i forhold til klaseammunisjon. FN er en viktig arena for denne type diskusjoner og dialog på et område hvor det finnes en rekke interessemotsetninger og allianser. På sikkerhetsområdet består problemene i Midtøsten, Irak, Iran og i Darfur. Komiteen vil understreke betydningen av en bred tilnærming for å komme videre i arbeidet for konfliktløsning og ikke-spredning av atomvåpen. Diplomatiske forhandlinger - ikke bruk av vold og terror - er avgjørende for å få til fredelig konfliktløsning.

Komiteen vil peke på det positive i at FN tar initiativ i debatten om migrasjon, og at man i den sammenheng arrangerte en egen høynivådialog i New York i september 2006 for å drøfte utfordringene i krysningen migrasjon og utvikling. Komiteen har merket seg at utviklingsministeren la vekt på at kvinner og barns rettigheter skal løftes frem i det videre arbeidet med migrasjon og utvikling.

Komiteen ser det som positivt at Norge tok opp behovet for å diskutere illegitim gjeld. Komiteen har

merket seg resolusjonen om ekstern gjeldskrise reiste debatt mellom vestlige land og G77-gruppen, og at det var tunge forhandlinger rundt spørsmålet om utvidelse av eksisterende eller nye gjeldssletteordninger.

Komiteen er tilfreds med at Norge har hatt en aktiv rolle i diskusjonene om miljø og bærekraftig utvikling, og at norske innlegg i denne sammenheng fremhevet truslene som ligger i klimaendringene. Komiteen merker seg ellers at diskusjonene rundt resolusjon om klima var krevende og at resultatet ble skuffende.

Komiteen understreker viktigheten av Regjerings innsats for å bekjempe bruken av skadelige fiske-metoder i sårbarer områder og å få slutt på ulovlig, uregulert og urapportert fiske. Komiteen viser videre til Regjeringens arbeid for å få framgang i arbeidet med å fastsette yttergrensene for kontinentsokkelen i samsvar med FNs havrettskonvensjon. Komiteen slutter seg til arbeidet fra norsk side, også gjennom FN, for å styrke utviklingslandene i denne prosessen.

Komiteens flertall, alle unntatt medlemmene fra Fremskrittpartiet, slutter seg til Norges aktive arbeid for å endre internasjonale patentavtaler slik at de bedre støtter opp om intensjonene i konvensjonen om biologisk mangfold. Flertallet understreker at Norge bør ha en grunnleggende restriktiv holdning til oppfinnelser som gjelder planter og dyr, og at utviklingsland fortsatt skal ha anledning til å forby slike patenter, i samsvar med TRIPS-avtalen. Rett til tradisjonell kunnskap, og bondens rettigheter til å avle videre på planter og husdyr fra egen gård, må sikres.

Komiteen har merket seg vedtaket om en konvensjon for funksjonshemmede som et nytt og positivt bidrag i arbeidet for menneskerettighetene. Grove brudd på grunnleggende menneskerettigheter finner fortsatt sted i mange av FNs medlemsland.

Komiteens flertall, alle unntatt medlemmene fra Fremskrittpartiet, noterer på den andre siden som et tilbakeslag at vedtaket om urfolkskonvensjonen,

som ble gjort av Menneskerettighetsrådet, ble utsatt etter initiativ fra den afrikanske gruppen.

Komiteen mener derfor at det er viktig å styrke både FNs menneskerettighetsarbeid og Norges engasjement gjennom andre internasjonale kanaler, bilateralt og ved å støtte frivillige menneskerettighetsorganisasjoner.

Komiteen mener det er viktig at FNs generalforsamling har sterkt fokus på kvinner og likestilling, og peker på at rapporten om vold mot kvinner fikk mye oppmerksomhet i debatten. Fokuset på kvinners reproduktive helse er viktig knyttet opp mot FNs tusenårs-mål og gjennomføringen av disse.

Komiteen ser det også som positivt at Norge har tatt en aktiv rolle og fungerer som pådriver for å sikre ikke-statlige organisasjoner som representerer lesbiske og homofile, observatørstatus i FN på lik linje med andre organisasjoner, og i tråd med menneskerettighetskonvensjonenes åpne og inkluderende helhetsperspektiv.

Komiteen ser det som viktig at fokuset på situasjonen i Vest-Sahara opprettholdes. Komiteen vil derfor gi en sterk tilslutning til FNs arbeid for å finne en varig og rettferdig løsning som er akseptabel for alle parter. Målet må være at den sahawiske befolkningen får realisert sin rett til selvbestemmelse gjennom en folkeavstemming, i tråd med folkeretten og FNs vedtak.

KOMITEENS TILRÅDING

Komiteen har for øvrig ingen merknader, viser til meldingen og rår Stortinget til å gjøre slikt

v e d t a k :

St.meld. nr. 25 (2006-2007) - om Noregs deltaking i den 61. ordinære generalforsamlinga i Dei sameinte nasjonane (FN) og vidareførte sesjonar av den 60. generalforsamlinga i FN - vedlegges protokollen.

Oslo, i utenrikskomiteen, den 30. mai 2007

Olav Akselsen
leder

Ågot Valle
ordfører

